

---

**Fra:** Siril Therese Sylta  
**Sendt:** 21. mars 2016 15:22  
**Til:** 'Sidsel Styve'  
**Kopi:** Elin Styve; Christian Hagerup Reinshol; 'byggesak@lindas.kommune.no'  
**Emne:** SV: Endringer i plan for Helleåsen bustadområde?

Hei.

Viser til innleverte papir på rådhuset fredag 18.mars 2016, vedkomande etablering av snuplass på areal avsett til annan veggrunn i reguleringsplanen for Helleåsen, sjå kart i eposten under.

Når det gjeld spørsmålet om ein snuplass er i samsvar med reguleringsplanen vert det vist til føresegnene som seie:

*§ 2.2.4 Anna veggrunn - grøntareal*

*Gjeld areal for eventuell framtidig vegutviding. I prinsipp eit areal i bredde om lag 2 meter frå utsida vegkant begge sider + restareal mellom tomter og vegtrace. Grunneigar/ kommune eller andre som i framtida rår over arealet står fritt til å nytte område til vegutviding, grøfte - tracar for alle typar leidningar, eller annan felles behov.*

*Tomteigarar som får arealet som sone mellom eigen tomt og fellesveg, står fritt til å nytta arealet. Dersom eigar /kommune i framtida vel å nytta dette arealet, som opplyst i første avsnitt, vil tomteigarar ikkje få nokon kompensasjon for eventuelle tiltak som er gjort i området .*

Ut i frå ordlyden i reguleringsplanen, så er det nok ein opning for at det kan etablerast ein snuplass her. Denne må i så tilfelle utformast slik at den ikkje er til hindre for private avkjørsler inn til eigedommane som har regulert avkjørsel i dette området.

I sak 14/1712 er det gjeve løyve til etablering av den regulerte vegen inn i feltet. Ut i frå dei teikningane som er sendt inn, så kan ein ikkje sjå at snuplass er med på desse. Etablering av snuplass vil krevje eigen søknad, eller ein søknad om endring av det løyvet som ligg føre til etablering av veg i samsvar med reguleringsplanen.

Ut i frå det kartet du har sendt inn, så er det vanskeleg å ta stilling til kva tiltak som skal gjerast for å etablere snuplassen. Vi gjer merksam på at vi pr. no ikkje har motteke søknad om etablering av denne.

Når det gjeld tap av privat parkeringsplass som følgje av nye tiltak i dette området, så er det eit forhold som er privatrettsleg mellom partane i saka.



**Siril T. Sylta**

Avdelingsleiar byggesak

Tlf: 56 37 51 62/40 91 08 80

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

**Fra:** Sidsel Styve [<mailto:sidsel.styve@gmail.com>]  
**Sendt:** 18. mars 2016 11:18  
**Til:** Christian Hagerup Reinshol  
**Kopi:** Siril Therese Sylta; Elin Styve  
**Emne:** Re: Endringar i plan for Helleåsen bustadområde?

Hei igjen, det er fint om de kan sende meg ei tilbakemelding på mail når de har sett på det.


Beste helsing

Sidsel Styve  
Bergenske birøkterlag  
Tel. 984 75 764

2016-03-18 10:29 GMT+01:00 Christian Hagerup Reinshol  
<[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>:

Hei,

Viser til eposten din under. I høve det at du har fått varsel om at det skal startast opp grunnarbeid, så er dette eit tilhøve byggesak hjå oss må svare på, om det evt er gitt løyve til dette arbeidet (og om det er søknadspliktig). Elles så viser utsnittet frå reguleringsplanen under at det er planlagt ei avkøyrsla i det aktuelle området du viser til. Avkøyrsla kan ha utforming som ein snuhammar, så om det er dette som er meint, så er dette i samsvar med reguleringsplanen. Det grøne arealet rundt vegen er såkalt «anna vegareal» der det er tillate med naudsynte tiltak knytt til vegen. Litt avhengig av korleis det er tenkt utført, så kan dette både vera i samsvar med planen og ikkje. Dersom du kan sende over dei papira du fekk på kva som er planlagt, vil det vere enklare for byggesak hjå oss å ta stilling til om dette er i samsvar med planen eller ikkje, og om det vil vere aktuelt for dei å gripe inn.



Ellers så er det kome inn ein søknad om mindre reguleringsendring for Helleåsen, men eg kan ikkje sjå at det er tenkt nokre endringar i høve dette området som du viser til i den søknaden.

Håper dette var oppklarande. Eg har satt leiar for byggesak som mottakar for denne eposten, slik at ho er orientert om dette.

Venleg helsing

**Christian Hagerup Reinshol**

Arealplanleggar / Klimarådgjever

Areal- og miljøeininga

Lindås kommune

**Fra:** Sidsel Styve [mailto:[sidsel.styve@gmail.com](mailto:sidsel.styve@gmail.com)]  
**Sendt:** 17. mars 2016 13:07  
**Til:** Christian Hagerup Reinshol  
**Kopi:** Elin Styve  
**Emne:** Endringer i plan for Helleåsen bustadområde?

Hei!

Vi mottok for to dagar sidan eit brev frå Utbyggjar Geir Styve eit kart og ein informasjon om at han via ein entrepenør snart skal begynne med sprenging og gravearbeid, samt masseutskifting for å lage ein stor snuplass i enden av vegen, heilt inn til tomtegrensene våre (202/118 og 202/130). Vi kan ikkje sjå at dette er ein del av godkjent plan, der det står at området skal være grøntareal. (Området har idag nokon store furutrær og lyng)

Dersom dette er feil, vil vi be dykk om å stoppe det snarast, før skaden har skjedd.

Beste helsing

Sidsel Styve

Tel. 984 75 764